



Helland Eiendom & Invest AS  
Idrettsvegen 3  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2533 - 19/26775

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2019

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg for gbnr 123/133 og 134 - Risa

**Tiltak:** Avkøyrsløse  
**Byggjestad:** Gbnr: 123/133 og 123  
**Tiltakshavar:** Helland Eiendom & Invest AS  
**Ansvarleg søkjar:** Bygg & Eiendom Vest AS

Delegasjonssak nr.: 501/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for 4 nye bustadeiningar datert 06.09.2019.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det skal på to nabotomter etablerast 2 bygg med 2 bustader pr. bygg, tilsaman 4 bustadeiningar.

#### Vurdering/drøfting:

Fyrste utkast som kom inn var teikna opp med 4 avkøyrsløse, ei pr. bustadeining med parkering i front. Dette vart forkasta av kommunen. Etter samtale på telefon vart det sagt at vegavdelinga ynskjer at avkøyrsløse vert samla og at me ikkje kunne tillate 4 avkøyrsløse på desse tomtene. Tilbakemelding frå vegavdelinga var helst ei felles avkøyrsløse, maksimalt ei pr. tomt. Søkjar har sendt inn nye og oppdaterte teikningar som syner ei felles avkøyrsløse i grensa mellom tomtene, mellom bygga.

#### Samandrag/konklusjon:

Lindås kommune v/vegavdelinga vil kunne gi tillatelse til ei felles avkøyrsløse for desse 4 bueningane, slik oppdatert situasjonskart viser.

### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til oppreting av ei felles avkøyrsløse til kommunal veg, for til saman 4 bueningar på gbnr 123/133 og 123/134, med heimel i veglova §§ 40 til 43.



Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Daniel Ulvatn

### **Mottakarar:**

Bygg & Eiendom Vest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER